

# KYRKJEKONTAKTEN

NR.3 — 2023 · 49. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM

## Kyrkje- valet 2023



**Edvard får nonstopp -  
«pilegrims-bensin» -  
av Cathrine. Sjå meir side 4.**

**Hugs kyrkjevalet 11. september!**

# Kandidatar til Knarvik sokneråd

Ved kyrkjevalet 11. september skal det veljast 10 medlemmar og 5 varamedlemmar. Her er ein presentasjon av kandidatane og det dei meiner er viktig for kyrkja og kva dei vil jobbe for i soknerådet.



**1. Hildur Løkken Lillestøl (f. 1951) Pensjonist, Knarvik**  
Kyrkja skal tilby eit fellesskap for alle i Alver - med rom for tru og tvil, undervisning og utfolding. Ei kyrkje med omsorg og nærleik som gjev tryggleik og innhald i alle livets situasjonar.



**2. Svein Arne Hatlevik (f. 1961) Eige firma, Alversund**

Eg vil prioritere å bevisstgjere menneske på viktigheita av å ta vare på kulturarven, tradisjonane og historia vår, og då spesielt med tanke på kyrkja.




**3. Monika Bøkevoll Aarland (f. 1974) Fagarbeidar i barnehage, Seim**

Eg vil arbeide for å behalde lokalt arbeid i kyrkjene og fortsetje arbeidet med dei gode "laverskel"-tilboda som gode folk har arbeidd fram. Det viktigaste er vel ikkje kva eg vil, men kva Gud vil med meg.



**4. Lillian Berentsen (f. 1962) Lærer Alversund skule, Lygra**

Eg ynskjer at folk kan få delta på positive og kjekke aktivitetar i samband med kyrkja og at vi kan skape gode opplevingar for dei.



**5. Åge Clausen (f. 1949) Pensjonist, Knarvik**

Eg vil vere med å byggje eit allsidig fellesskap med «Jesus i hjarta» og ut frå dette skape innhald m.a. i «7 dagar i veka»-kyrkja vår. Særleg fokus på barn/unge og diakoni/omsorgsteneste, her og ute.



**6. Karoline Vemøy Sundsbø (f. 1976) Lærer, Alversund**

Kyrkja i Knarvik skal vere ei open og inkluderande kyrkje der alle aldersgrupper frå ulike område skal føle seg heime. Satse særleg på barn og ungdom.



**7. Rune Landsvik (f. 1952) Pensjonist, Seim**

Det er viktig at det er mangfald i kyrkja, at vi har omsorg for kvarandre og inkluderer, uavhengig av psykisk og fysisk helse, nasjonalitet og legning.



**8. Mona Langenes (f. 1966) Uføretrygda, Lygra**

Eg vil jobbe for at det skal vere eit godt tilbod i Lygra kyrkje for dei som høyrer til der. Det er viktig med ei inkluderande kyrkje.



**9. Håkon Glatved-Prahl (f. 1956) Pensjonist, Alversund**

Eg vil jobba for å styrka soknet. Kyrkja er lokal, og soknet er hjarta i kyrkja. Kyrkja skal vera ein trygg stad for absolutt alle, uavhengig av kjønn, legning eller teologisk ståstad.



**10. Arthur Fondenes Kleiveland (f. 1958) Konsulent, politisk sekretariat, Knarvik**

Eg ønskjer ei kyrkje der folk i alle aldrar kan føla seg velkomne, heime og medrekna, ei kyrkje der folk kan få oppleva ein himmel over livet sitt. Satsa vidare og styrke tilbodet til barn og unge.



**11. Kåre Jordal (f. 1947) Pensjonist, Alversund**

Eg ynskjer ei aktiv, lokal og inkluderande kyrkje, med rom for alle.



**12. Birte Therese Nilsen (f. 1969) Jobbar på Seim skule, Knarvik**

I kyrkja vil eg jobba for mangfald og solidaritet. Det skal vera plass til alle i eit kyrkjeleg fellesskap. Her må ein tenka litt nytt og meir moderne.



**13. Margrethe Myksvoll (f. 1984) Jobbar i dyrebutikk i Knarvik, Seim**

Eg vil bevare kyrkjene i bygdene, at dei blir halde ved like og brukte.



**14. Bente Cathrine Sørheim Vetvik (f. 1984) Heimeverande husmor, Seim**

Det er viktig at kyrkjene våre og områda rundt vert halde ved like. Eg vil arbeide for koselege ettermiddagar med song og musikk på sjukeheimen, eg kan bidra med tips til aktivitetar for unge og gamle.



**15. Berge Toppe (f. 1941) Pensjonist, Knarvik**

Det åndelege livet i kyrkjelyden er viktig.

Eg ønskjer auka deltaking på gudstenester og andre samlingar.

Diakoni, inkludert arbeid mellom innvandrarar, er også ein sentral del av kyrkja sitt oppdrag.



**16. Helge Haugland (f. 1951) Pensjonist/økonomisk rådgjevar, Alversund**

Kyrkja er heilt sentral i utvikling av vår kristne kulturarv. Dette forpliktar og gjev inspirasjon til å arbeida for at folk i alle aldrar skal føle seg heime i kyrkja, også folk frå andre kulturar.



# Pilegrimsdagen på Lygra - Sans og samling

Tekst: Nina Jenny Monstad

Pilegrimar hadde pilegrimskappe og -stav med seg på vandring, enten dei reiste til lands eller til sjøs. Kappa fungerte både som allværsjakke, liggeunderlag og teppe på ferda. Staven beskytta mot dyr som kom for nært, men var først og fremst til å støtte seg på undervegs. Ein pilegrim er ein person som går på tur, og samstundes kan vere saman med Gud og menneske, og lære om naturen og spesielle stader undervegs. Dette lærte me i starten av pilegrimsvandringa på Lygra andre søndagen i juni.

Pilegrimsdagen blei som eit slags «kinderegg», med tre gode opplevingar på ein gong. Først familiegudsteneste i kyrkja, deretter pilegrimsvandring mellom kyrkja og Lyngheiseret, og avslutningsvis mat og aktivitetar på Lyngheiseret.

- Må me vere så og så høge, eller lese så og så mange bøker for å ta imot Guds rike? spurte Cathrine prest om i familiegudstenesta. Sjølv sagt ikkje! Jesus lærte oss at me må ta imot Guds rike som eit lite barn. Barna er gode på så mykje, blant anna å bruke sansane sine.

Med skjerpa sansar la me etterpå ut på vandring. Undervegs stoppa me både for å lytte, lukte, tenke, snakke, og sjå. Naturen er ei fantastisk gåve!

Nygrilla pølser i brød smakte godt då me kom fram til Lyngheiseret. Der venta ei eiga natursti-løype for alle som ville. Litt seinare hadde Lauritz Harr seminar om kystpilegrimane.

Pilegrimsdagen var eit samarbeidsprosjekt der kyrkja var arrangør, og Lyngheiseret og Kystpilegrimsleia var samarbeidspartnarar. Gjennom dei ulike samlingane brukte me mange av sansane våre til å ta inn både gode ord, vakker natur og kulturhistorie.

Kystpilegrimsleia startar i Egersund og går til Nidaros i Trondheim. Då pilegrimar kom med båtar nordover kysten i mellomalderen, var Lygra ein av stadane dei kunne stoppe, bl.a. for å sjå Tingstadbakken. I følge våre eldste sogebøker var det kongsgard på Lygra, og Olav den heilage heldt ting i Tingstadbakken i år 1026. Slik er Lygra ein nøkkelstad i kystpilegrimsleia, som stadig fleire igjen begynner å bruke.



Pilegrimsdagen i Lygra starta med familiegudsteneste. Foto: Audun Yrke.



På eitt av stoppa undervegs: Skaparverket er vakkert! Sjå berre litt nøye f.eks. på ein raudkløver. Foto: Audun Yrke.



Vel framme ved steinhuset på Lyngheiseret fekk pilegrimane pilegrimspass med stampelet til nøkkelstaden Lygra. Foto: Janicke Gruehagen Lyngøy.

# Kyrkjetilsette i Alver – Mest puslete i landet?

Tekst: Øystein Skauge

Foto: Privat

I september vert VM i puslespel arrangert i byen Valladolid i Spania. Ikkje mindre enn to av dei norske som dreg dit, bur i Alversund og har bakgrunn som kyrkjeleg tilsette i kommunen.

Det er Ole Marton Ølberg og Helle Leivestad Kartveit.

Ole Marton arbeider som sokneprest i Lindås sokn, medan Helle gjennom fleire år arbeidde som trusoplærar i Knarvik sokn. Ho er tilsett i halv stilling som barne- og ungdomskonsulent i NMSU - Det Norske Misjonsselskap, Bjørgvin, og i tillegg vikar i halv stilling i kyrkjene på Osterøy med ansvar for konfirmantane der.

Mot slutten av sommaren, ligg begge desse kyrkjelege medarbeidarane i hardtrening for kjappast mogeleg å få puslespelbrikker på plass når verdsmeisterskapen vert rulla i gang i Spania i dagane 20. - 24. september. Dette er ein meisterskap der alle som vil, kan melde seg på. Det er altså ikkje noko nasjonalt uttak først.

Ole Marton fortel at han i januar i fjor fekk høyre om dette. Han visste om seg sjølv at han var i stand til å pusle relativt raskt, og melde seg på. Mest for sjølve opplevinga. Han var med i tre ulike øvingar, individuelt der ein pusla 500 brikker, så par der han og broren pusla 1000 brikker,

og endeleg eit lag, der dei to brørne toppa laget med ei dansk og ei fransk jente og pusla så to puslespel på 1000 brikker kvar. Poenget var å få brikkene på plass kjappast råd. Alle dei ca. 300 konkurrentane pusla det same motivet.

Det må seiast at dette gjekk veldig bra. Presten i Lindås kan gle seg over at han i fjor vart nr. 19 i VM individuelt, mens han og broren reiste heim som det 11. beste paret i verda.

Ei som sat heime i Alversund og kunne følgje med på sendingar frå verdsmeisterskapen, var Helle Kartveit. Også ho visste med seg sjølv at ho har draget på puslespel, og no fekk òg Helle lyst å konkurrere. Men ho strekar under: - Ole Marton er på eit heilt anna nivå enn eg. Han er kjempegod, seier Helle. - Sjølv vil eg vere glad om eg kjem meg vidare gjennom dei innleiande rundane, seier ho. Og så legg ho til: - Eg har fått teste meg på det puslespelet Ole Marton brukte 50 minuttar på å leggje i finalen i fjor. Sjølv brukte eg 1 ½ time på å få på plass dei 500 bitane. Verdsmeisteren fekk bitane på plass på 34 minuttar.

Ole Marton fortel at kunsten er konsentrasjon. Det gjeld å sortere fort brikker med ulike fargar. Leggje dei fort, og ikkje bli sitjande og dvele ved ei enkeltbrikke.

No er våre to puslande kyrkjefolk snart klare for Spania. Helle seier det slik: -Der har eg ikkje vore før. Gler



Ole Marton (over) var i Spania i fjor og deltok i VM i puslespel.

Helle (under) øver no på å delta i år i lag med presten .



meg til å seie: Eg var der! Eg var med! Og så likar eg kanskje aller best å pusle når motivet viser ein himmel, seier ho.

Slik må det vel også vere for ein kyrkjeleg medarbeidar!

**VATNE**  
begravelsesbyrå

DAHLS

Tlf: **56 35 09 10** (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

**Knarvik Blomsterstove**

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø  
Tlf: 56 35 62 20 – [www.knarvikblomsterstove.no](http://www.knarvikblomsterstove.no)

# Livet på kyrkjegardane

Tekst: John Henanger

Foto: Øystein Skauge

Kyrkjegardane er ein viktig stad, og me er opptekne av at det skal vera fint og velstelt der.

Radøy kyrkjelege fellelsråd fekk NGIR sin miljøpris i 2002 for stell av kyrkjegardane. NGIR grunn gav det m.a. med å unngå plast- og andre oljeprodukt, la løvetann og andre fine fargar veksa til det må slåast, og la graset som er slege, liggja, slik at det vert til gjødsel og kompost.

Like fullt får me av og til spørsmål om stell av gravplassane. Her er nokre av spørsmåla og kortform av svar som me kan gje.

## 1. Bioklipp:

Dette blir gjort på dei fleste gravplassar i landet. Det er ikkje kapasitet å samla opp så store mengder plen gras som det vert i løpet av ein sesong. Bioklipp gjer at graset vert til gjødsel der det er klipt. Utfordring er når graset er vått eller langt når me slår. Me slår alle gravplassar i snitt kvar 10.dag.

## 2. Kvifor ikkje isopor/plastprodukt i blomsterkransar/ utplantningar eller pynt:

Det er ønske om at det er mest mogleg produkt som kan sorterast som BIO-avfall på gravplassane. Dette gjeld spesielt gravkransar til jul og båretbukettar/kransar/ oppsatsar ved gravferder. Me håpar leverandørane får strengare krav.

## 3. Kjeldesortering i praksis:

Det er ønskjeleg at alle som plantar/ordnar graver, kjeldesorterer restavfall og bioavfall.

I praksis vert dette ikkje gjort godt nok. Mykje plast følgjer med i dunken for Bio-avfall, slikt som plathanskar, blomsterpotter, posar med rosegjødsel, plast som rosene er pakka i osv

Så slik det er no, vert difor det meste av avfallet kasta som restavfall – når me leverer det til NGIR.

Batteri-produkt skal korkje i restavfall eller i Bio-avfall. Pr i dag må ein ta dette med heim og kaste det med privat EE-avfall. Me jobbar for å få eigne kassar for innsamling av dette på kvar gravplass, og håpar å ha dette på plass innan våren 2024. men det krev investering av innsamlingsutstyr



## 4. Bossdunkar på utsida av gravplassane:

Status i dag er at det er søppelstasjonar inne på gravplassen. Så må me trilla søppelspann nokre meter for å tømme dei i større NGIR-søppelspann. Nokre stader tek me med oss søppel til felles oppsamling på andre gravplassar. Det vert veldig mange tunge løft og me bruker mykje tid på dette. Så dette vil me endra på både fordi det er HMS-tiltak og for å spare tid.

Me vil på enkelte stader testa ut å plassera større NGIR restavfall-spann ved parkeringsplassen. Då kan kvar enkelt ta med seg søppel og kasta det oppi der på veg til bilen. Så kjem NGIR og tømmer desse på sine ruter

## 5. Samarbeid med NGIR:

Me brukar dei som ressurs for å spørja om tips når det gjeld sortering og regelverk og kva som er mogleg å få til i praksis.

## Vårt mål/håp:


- At sortering av restavfall/bioavfall og EE-avfall vert gjort betre av den enkelte slik at me saman kan kjeldesortera endå meir av restavfallet. Me treng å bruka tid og pengar på å få det til.
- Me håpar i framtida at alle kransar og blomsterdekorasjonar vert mogleg å sortera som bio-avfall.

	<b>EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE</b> Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA	
---	---	---

**Bygg Team**  
VEST AS



Alt innan tømmerfaget!



# Gje di stemme ved kyrkjevalet!

Er du ein av 3,5 millionar medlemer i Den norske kyrkja?

Når du stemmer i kyrkjevalet, støttar du arbeidet til kyrkja, og du er med på å bestemme kven som skal leie ho framover. Alle medlemmer som fyller 15 år i år eller er eldre, har stemmerett. På dei neste sidene får du ein kort presentasjon av kandidatane som stiller til val i Bjørgvin bispedøme.

Meir informasjon om kandidatane finn du på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)



**Kyrkjevalet**

10.- 11. september 2023





DEN NORSKE KYRKJA

Bjergvin bispedøme

I Bjergvin bispedøme er det fire lister ved bispedømerådsvalet 2023: **Bønnelista**, **Frimodig kyrkje**, **Nominasjonskomiteens liste** og **Open folkekyrkje**. Listene er presenterte alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge. Kandidatar med **utheva skrift** får 25 prosent stemmetillegg.

## Kyrkjevalet


10.- 11. september 2023

### »»» Bønnelista


Bønnelista vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som lett seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på [www.bonnelista.no](http://www.bonnelista.no)



**Sigurd Grindheim**  
(1968)  
Professor, Stord



**Solaug Anita Apelthun Sæle**  
(1951)  
Økonomisjef, Fjell




**Finn Indrebø**  
(1948)  
Pensjonist, Askøy



**Trygve Johannes Hellesøy**  
(1938) Pensjonert prest, Hellesøy



**Torid Morsund Øygard**  
(1999)  
Student, Bergen



**Magdalena Steinhovden**  
(1947) Pensjonist, Naustdal



**Anna Helena Bruun**  
(1974) Regnskapfører, Rådal



**Mahdi Alipor Esfahani** (1979)  
Butikkmedarbeidar, Førde



**Anders Myrene**  
(2002)  
Student, Naustdal



**Gunnar Innerdal**  
(1983) Førstemanuensis, Øygarden



**Per Hilleren**  
(1959)  
Bonde, Sogndal




**Marthe Hauge**  
(1965) Krefstjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord



**Egil Morland**  
(1950)  
Professor emeritus, Øygarden



**Geir Møller**  
(1957)  
Pensjonist, Bergen



**Karen Sofie Uthaug**  
(1998)  
Student, Alver



**Hilde Kayser Rohde**  
(1955)  
Pensjonert musikal, Bergen



**Anlaug Risa**  
(2003)  
Student, Balestrand



**Torstein Backer-Owe**  
(1959)  
Rådgevar, Odda

### »»» Frimodig kyrkje

Vi ønsker ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar, redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønsker å styrka arbeidet med søndagsskule, trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer



for born og unge i ei grenselaus tid. Frimodig kyrkje ønsker å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon av kandidatane våre finst på [www.frimodigkirke.no/bjergvin](http://www.frimodigkirke.no/bjergvin)

### Open folkekyrkje »»»

Sidan starten i 2014 har Open folkekyrkje gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfold av menneske med ulike liv og livsrønslar. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si. Open folkekyrkje ynskjer ei kyrkje som alle skal kunna leva heile livet i, der alle skal kjenna seg velkomne, sedde og stadfesta. Kyrkja har ikkje A- og B-medlemmer – dåpen er einaste medlemsvilkår. Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demokratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering. [www.apenfolkekirke.org](http://www.apenfolkekirke.org)





## Nominasjonskomiteens liste >>>

Kyrkjelydane si felles liste er sett opp av ein nominasjonskomitee med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Kandidatane er forslag frå sokneråd, ungdomsråd og nominasjonskomiteen sjølv. Komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja. Les meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på [www.nominasjonskomiteen.no](http://www.nominasjonskomiteen.no)



**1**  
**Dag Sele**  
(1964)  
Lege,  
Stord



**2**  
**Turid Fjose**  
(1969)  
Lege,  
Voss



**3**  
**Amalie Gjengedal-Eide**  
(1996)  
Lektor, Bergen



**4**  
**Arne Jostein By**  
(1948)  
Pensjonist,  
Stryn



**5**  
**Kristin Jordheim Bovim**  
(1955)  
Lege Bergen



**6**  
**Dag-Olav Bjørøy**  
(1957)  
Seniorkonsulent,  
Øygarden



**7**  
**Hege Feet Askvik**  
(1957)  
Pensjonist,  
Alver



**8**  
**Helge Dyrkolbotn**  
(1964)  
Avdelingsleiar,  
Austrheim



**9**  
**Amalie Ulevik Bjerk**  
(1997)  
Student, Bergen



**10**  
**Ingeborg Watne Flatland**  
(1979)  
Lærer, Førde




**11**  
**Leif Steinar Alfsvåg** (1959)  
Høgskulelektor,  
Stord



**12**  
**Elise Skjærven Aas**  
(2005)  
Student, Bergen



**13**  
**Rune Garmann**  
(1952)  
Pensjonist,  
Masfjorden




**14**  
**Torild Teige Strand**  
(1959)  
Lærer,  
Solund



**1**  
**Karl Johan Kirkebø** (1950)  
Pensjonist,  
Bergen



**2**  
**Oddny Miljeteig**  
(1954)  
Pensjonist,  
Bergen



**3**  
**Live Bakke Nydal**  
(2004)  
Student,  
Florø



**4**  
**Rune Johan Skjælaaen**  
(1954)  
Pensjonist, Bergen



**5**  
**Anne Vierdal**  
(1996)  
Trusopplærer,  
Sveio



**6**  
**Eiel Holten**  
(1968)  
Seniorrådgjevar,  
Bergen



**7**  
**Malene Mortensen**  
(2001)  
Sekretær,  
Sotra



**8**  
**Håkon Glatved-Prahl**  
(1956)  
Journalist, Alver



**9**  
**Mari Skjerdal Lysne**  
(1985)  
Stipendiat, Sogndal



**10**  
**Vegard Flatebø Trætteberg**  
(2002)  
Lagfører, Bergen



**11**  
**Inger Johanne Gullbrå**  
(1949)  
Pensjonist, Voss



**12**  
**Lars Hana**  
(1955)  
Pensjonist,  
Askøy



**13**  
**Signe Eikenes**  
(1963)  
Prosjektleiar,  
Leikanger



**14**  
**Andreas Gravdal**  
(1981)  
Formidlar,  
Bergen



**15**  
**Ove Sverre Bjørdal**  
(1971)  
Statsautorisert  
revisor, Bergen



**16**  
**Torill Jørgensen Frøise**  
(1972) Rådgjevar  
Askøy



**17**  
**Christian Emil Haugen**  
(1990) Lege,  
Bergen



DEN NORSKE KYRKJA  
Bjørgvin bispedøme



# Nyttig å vite om valet

## Kvifor stemma ved kyrkjevalet?

Som medlem bidreg du til fellesskap, glede, livsmeistring og meining for deg sjølv og andre, til dømes gjennom dåp, bryllaup, babysong, barne- og ungdomsaktivitetar, gudstenester, kor og konsertar. Du bidreg også til å ta vare på vår felles kulturarv i form av kyrkjebygg og tradisjonar, og du er med på å støtta det sosiale arbeidet til kyrkja for menneske i glede og sorg, einsame eller aktive i fellesskap. Ved å stemma bidreg du til at kyrkja er ei demokratisk folkekyrkje.

## Kven har stemmerett?

Medlemer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i kyrkja. Det er ikkje andre krav til stemmerett enn alder og medlemskap. Sjå medlemskapen din på [www.kyrkja.no/medlem](http://www.kyrkja.no/medlem)

## Kven blir valt i kyrkjevalet?

Du stemmer lokalt på **kandidatar til soknerådet** der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å utvikla arbeidet til kyrkja i lokalsamfunnet, frå gudstenester og barne- og ungdomsarbeid til kultur og sosialt arbeid og diakoni. Som regel er det berre ei liste ved soknerådsvalet.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemma på medlemer til **bispedømerådet** og **Kyrkjemøtet**.

**Bispedømerådet** er det regionale styringsleddet i Bjørgvin (Vestland fylke). Rådet jobbar strategisk med å samla og formidla kunnskap om utvikling i kyrkjelydane, driva utviklingsprosjekt og fremje samarbeid mellom kyrkjelydane. Ved bispedømerådsvalet er det fire lister.

**Kyrkjemøtet** er det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømeråda samla ei veke kvart år. Kyrkjemøtet vedtek planar og strategiar for kyrkjemusikk, sosialt arbeid (diakoni), miljøarbeid, kulturarven til kyrkja, ordningar for gudstenester og organisering av kyrkja.

## Korleis stemmer du i kyrkjevalet?

Du stemmer på same tid som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjevalet skjer i eit lokale rett i nærleiken av kommunevalet. Det er òg mogleg å førehandsstemma.

## Enkelt å førehandstemma digitalt

Du kan førehandsstemma når og kvar du vil på nett frå 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden under eller besøk kyrkjevalet.no. Hugs at det er hemmeleg val! Les meir om kandidatane til begge val på [www.kyrkjevalet.no](http://www.kyrkjevalet.no)

**Godt val!**

# Kyrkjevalet

10.- 11. september 2023



# Kyrkjevalet – ei hundreårs soge

Av Egil Morland, professor emer. i teologi og kyrkjerett

Det er i år 100 år sidan det første soknerådsvalet vart halde. Stortinget vedtok i 1920 at det skulle etablerast sokneråd i kvart prestegjeld i landet. Det blei også gjort vedtak om at ei ordning med «menighetsmøte», det vi i dag kallar soknemøte, eller kyrkjelyden sitt årsmøte, skulle innførast. På sett og vis var soknemøtet, der alle medlemmer kunne delta og fremja saker, viktigast. For det var der det m.a. vart røysta over om nye liturgiar og salmebøker skulle erstatta dei ein alt hadde. I dag er soknemøta nesten ribba for reelt mynde.

Dette var starten på det vi kallar kyrkja si «organisering», som vi kjenner som heile rekkja av råd, frå sokneråd til bispedømeråd, Kyrkjemøte og kyrkjeråd.

Vedtaket i 1920 hadde sjølv sagt ei forhistorie. Frå om lag 1860 hadde det vore harde debattar om kyrkja sitt høve til staten. Ein av dei ivrigaste aktørane var den skarpe juristen Absalon Taranger frå Sund; han som vart kalla den første strileprofessoren. Taranger ivra for ei fri folkekyrkje, ikkje ei frikyrkje eller ei statskyrkje med reformer. For makta ville uansett liggja hos staten. -Statskyrkja er ein skandale, hevda han. Den krenker både kyrkje og stat – og religionsfridommen. Taranger var med i den store kyrkjekommisjonen som vart sett i arbeid i 1908, men vann ikkje fram i hovudsaka. Soknemøte og sokneråd vart det altså, likevel.

Etter andre verdskrigen vart ein ny kyrkjekommisjon sett i arbeid. Kyrkja hadde brote med Nasjonal Samling og staten i 1942, slik at kyrkja faktisk var ei fri folkekyrkje dei neste tre åra. Basert på desse røyntslene ville kyrkja ha ein reform av statskyrkja, med utstrekt indre sjølvstyre, særleg i lærespørsmål.



Arbeidet førte ikkje til så mykje meir enn ein ny kyrkjeordningslov i 1953.

Kyrkja var på alle vis ei statskyrkje fram til dei siste 10-15 åra. Også skiljet mellom stat og kyrkje i 2012 måtte følgjast opp av ulike vedtak, der den nye trussamfunnsloven i 2020 markerer sluttsteinen i prosessen.

Dei viktigaste endringane i kyrkjevalet dei siste åra skuldast ikkje at stat og kyrkje har skilt lag. Men Stortinget la ein premiss til grunn for skiljet, eit vilkår som mange kyrkjepolitikarar har vore ivrige etter å oppfylle: Kyrkja måtte bli meir «demokratisk». Då var det ikkje så rart at oppslutnaden om kyrkjevalet kom i fokus. Deltakinga måtte opp. Det har ein lukkast med, men det er jo eit spørsmål om 10-12 % er så mykje betre enn 1-2 %, dersom kriteriet er «demokratisk».

Det er to store endringar som er gjort ved dei siste vala i kyrkja, og begge skal gje eit skin av å fremja demokratiet:

1. Trass i eit absolutt nei i den store utgreiinga om «det livssynsopne samfunnet» til å leggja val i eit *trussamfunn* saman med politiske val, så er det nett det som no skjer. Kontrasten er stor til den gamle ordninga, der valet var lagt til kyrkjehusa etter gudstenesta. Den praksisen var teologisk grunna. I

vedkjenninga står det at kyrkja er forsamlinga av dei som kjem saman for å høyra Guds ord og ta imot sakramenta. Eg kjenner ingen prest eller kyrkjeleiar som ikkje ville jubla om dette galdt både 20 og 50 % - eller meir – av kyrkja sine medlemmer!

2. Det er også blitt ei ordning med *direkte val* til bispedømeråda i heile landet, noko Bjørgvin biskop og bispedømeråd var sterkt usamde i. Eg har vore på mange seminar om valordningar der våre fremste ekspertar ikkje vil hevda at direkte val er meir demokratisk enn indirekte.

Det indirekte valet gjorde at dugande folk i sokneråda blei valde til å sitja i bispedømeråd og dermed i Kyrkjemøtet, og slik ta ansvar for grasrota si oppfølging av sentrale vedtak og resolusjonar. Men ordninga med direkte val har som konsekvens at kyrkja ikkje lenger har såkalla gjennomgåande representasjon i sin styringsstruktur.

Konsekvensen er diverre at val til bispedømeråd og kyrkjemøte får eit langt sterkare fokus enn valet av dei som må bera «dagens byrde og hete»: soknerådet.

Den største endringa i valordninga er framveksten av lister. I år er det minst fire lister å velja mellom, vel å merka i valet til bispedømeråd, og dermed til Kyrkjemøtet, men typisk nok ikkje til val av sokneråd. Situasjonen er jo den at det svært mange stader er vanskeleg å få nok folk til å stå på denne lista, og slik ta ansvar for livet lokalt. Det kan vera nyttig å merka seg at i den før omtalte kommisjonen av 1908 var det ei grunnhaldning både hos politikarar og kyrkjefolk at kyrkja skal byggjast nedanfrå. Dette idealet er stort sett blitt borte undervegs i kyrkja si såkalla demokratisering.


**RISNES**  
**ELEKTRO AS**  
Elinstallatør • tlf. 56349620

**AMFI**  
KNARVIK

# «Barnepjatt» (?)

ANDAKT av Åge Clausen

Eg sto der på sjukehusrommet med frukostbrettet. Sidan det var advent hadde me fått beskjed om å ha stearinlys på bretta. I senga låg ein kar i 50-åra. Han hadde fått klar melding om at tida hans her snart var ute. Han spør: «Hvorfor har du lys på brettet?» Eg seier det er fordi det er advent og ung og frimodig som eg (den gongen)



var, knytte eg nokre ord om Jesus og lyset til. Reaksjonen hans var kontant og tydeleg. «Slutt med det barnepjattet der!» Det var stilt då eg hjelpte han med frukosten og eg etterpå tusla litt slukøyra ut frå rom 225 på Diakonhjemmet. «Barnepjatt»...på nynorsk noko slikt som «toskasnakk»? Er det det Jesus som verdas lys er blitt for mange? Om du er ein av dei (og det er ditt frie val) treng du ikkje lese vidare i denne vesle andakta...

Eg vil dele ei kort setning frå Johannes evangeliet kap.15 vers 5. Dette verset vert innleia med setninga; «Eg er vintreet, de er greinene.....» Det er Jesus som deler med læresveinane sine. Han gjev garanti for sin nærleik til dei. Dette er ei av Jesus sine mange utsegner med ei utruleg mening! Han seier nemleg ikkje «Eg er stammen, de er greinene».... Kanskje er det fleire enn meg som har trudd det lenge? Heilt til ein klok ven gjorde meg obs på dette fantastiske at me får vere ei grein der Jesus er ein del av den same greina. No er eg ikkje korkje teolog eller biolog, men det står for meg som noko utruleg nært, ja, integrert som det no fint heiter. Tenk å få leve i ei tru der Jesus garanterer eit nærvær som går ut over all menneskeleg førestilling!

Dette bilete av treet skal få vere vår felles kjelde i trua til kvar einskild av oss. I kyrkjelyden vår og i kyrkja vår. Då kan det og verte eit fellesskap i tru og medvandring, der kvar og ein av oss får vere bidragsytarar. Tør me ha med det perspektivet når me byggjer vidare vår kyrkjelyd/ vårt fellesskap?

## KULTURKALENDER

16. september

**Knarvik kyrkje kl. 17.00**

Norges Korforbund Hordaland inviterer til haustkonsert «Med Song For Ei Betre Verd» med kora Bergen Seniorkor, Fjellkoret, Flaktveitgjengen Blandakor, Haugatunkoret, Sola Fide, Rosendal Songlag og Follesø Mannskor. Billetter kr. 200.

20. september

**Meland kyrkje kl. 18.00**

Onsdagskonsert. Maria Sæle og Magnus Blom. Song, musikk, tekstlesing. Kollekt til musikkarbeidet.

25. oktober

**Meland kyrkje kl. 18.00**

Onsdagskonsert. Unge utøvarar og Magnus Blom. Song, musikk, tekstlesing. Kollekt til musikkarbeidet.

28. oktober

**Knarvik kyrkje, Petersplassen i underetasjen, kl. 19.00**

Konsert: Songen og sorga - eit musikalsk møte mellom trøystesongaren Sølvi Helen Hopland og sorgsongaren Ove I. B. Danielsen. Song og samtale om deira ulike sorgvegar og korleis leva vidare. Musikalsk gjest: Stine Karin Sæle. Billett: 250,-

4. november

**Knarvik kyrkje kl. 11.00-16.00**

MISJONSMESSE for NMS. Misjonsmøte - Kafé - Salsboder med handarbeid og matvarer, åresal, godterilotteri for born og trekning av hovudlotteriet.

15. november

**Meland kyrkje kl. 18.00**

Onsdagskonsert. Lise Herland, obo og Magnus Blom. Song, musikk, tekstlesing. Kollekt til musikkarbeidet.

19. november

**Knarvik kyrkje**

Alversund kamerkor inviterer til konsert. Framføring av m.a. Gloria av Vivaldi.

**GALLAMIDDAG FOR KAMERUN Alver Hotel lørdag 11. november kl. 18-21**

I november feirer Det Norske Misjonsselskap 100 års-jubileet for den evangelisk-lutherske kirken i Kamerun med gallamiddag i fem byer i Norge. I Bergen arrangeres festen på Alver Hotel lørdag 11. november kl. 18-21 med festprogram med bl.a. Jan-Tore Saltnes fra Nordic Tenors, Sophie Moke Meteke, Haakon Kessel og Terese Bue Kessel fra NMS, gruppe fra Gospelsingers og afrikansk sanginnslag fra tidligere ungdomskor medlemmer fra tidligere ungdomskor i Nordhordland. Mer informasjon og påmelding på [www.nms.no](http://www.nms.no)



**NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR **deg**

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund    Havnevegen 31 Frekhaug    Elvavegen 1 Dalekvam

**Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver**

**Vi utfører:**

- Bolig og industri • Alarm
- Billadere • Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk • Automatisering • Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda  
Tlf: 56 38 50 00 / [www.torsvik.no](http://www.torsvik.no) / [post@torsvik.no](mailto:post@torsvik.no)  
KVALITETSBEVISST - LØSNINGSORIENTERT - SAMARBEIDSVILLIG





**Alver Byggrenhold**



Staben ved kyrkjekontoret i Knarvik samla til stabsdag på Lyngheimsenteret ein flott forsommardag. Frå venstre: Eirun Bjtveit Fonneland (kyrkjelydspedagog), Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn (spesialprest), Bjørn Furukawa (kyrkjetenar), Cathrine Grutle (sokneprest), Synnøve Bjørndal (dagleg leiar), Magne Bjørndal (seniorprest), Nina Jenny Tresvik Monstad (kateket) og Odd Leif Mjøs (kantor). Fotografen fann vi på Lyngheisenteret.

## Stabsdag 2023

Tekst: Sokneprest Cathrine Grutle

Et av forsommerens høydepunkt var stabsdag på Lyngheisenteret. Hele staben hadde satt av dagen for å fokusere på fellesskap og hvilke verdier vi synes er viktige i arbeidsfellesskapet. Vi presenterte høstens program for hverandre og stoppet opp ved noen satsingsområder.

Til høsten setter vi i gang med ledertrening for fjorårskonfirmanter. Det er et viktig tiltak og vi håper mange melder seg på. Konfirmantopplegget er nytt av året og deles inn i tre grupper: Q&A-konfirmant, Musikk- og lydkonfirmant og Friluftskonfirmant.

Frivillige er viktige for alt arbeidet som skjer i kirka vår og vi snakket om hvordan vi kan rekruttere flere til å være med på laget. Samtidig som alle må bli sett og få oppgaver som oppleves som meningsfulle.

Når det gjelder det kirkemusikalske arbeidet er det mye spennende på gang. En av satsingene denne høsten vil være «Pilegrimsmesse» av Egil Hovland og Britt G. Hallqvist. I tillegg kommer ulike typer korarbeid og all den gode musikken vi får på gudstjenestene våre.

Så brukte vi tid på å snakke om soknerådets satsing på givertjenesten i menigheten – «Ny giv». Det skjer masse godt og viktig arbeid i menigheten vår, men det koster også penger. Vi har engasjert noen ungdommer i barnarbeidet vårt og vi betjener et lån på kirkekjelleren for å nevne noe. For å kunne gjøre mer av det viktige arbeidet, trenger vi flere faste givere. Dersom du som leser har forslag til hvordan vi kan rekruttere flere eller har lyst til å være med på givertjenesten, så er det bare å ta kontakt med soknepresten.

2024 er et jubileumsår for alle i Knarvik. Første søndag i advent er Knarvik kyrkje 10 år og det skal vi feire stort. I tillegg til en stor fest, ønsker vi å ha ett arrangement i måneden sånn at 2024 kan bli et skikkelig festår. Det blir veldig spennende å se hva slags arrangementer som dukker opp i løpet av året.

Dette er et lite referat fra det vi snakket om på stabsdagen. Som relativt ny sokneprest er det fint å se alt det gode arbeidet som skjer i alle kirkene våre i Knarvik sokn. Det er mange, som på ulikt vis, er med på å spre evangeliet om Jesus til stadig nye mennesker. De viktige Jesusfortellingene deles med stadig nye generasjoner og vi håper flere finner sin plass i fellesskapene våre.

# Slekters gang

## Knarvik

### Døypte

- 14.05.23 Madeleine Sveinson Skurtveit
- 14.05.23 Jenny Andresen Markussen
- 14.05.23 Aron Lundin Romarheim
- 14.05.23 Ariana Lunde Eide
- 21.05.23 Ulrik Sandvik Neverdal
- 21.05.23 Alexandra Mikaela Kvalheim Eikehaug
- 28.05.23 Alexander Osa-Totlandsdal
- 18.06.23 Oliver Taule Benjaminsen
- 18.06.23 Leah Seim
- 18.06.23 Ronja Kjølraug Jacobsen
- 02.07.23 Ella Linga Holstad
- 16.07.23 Johanne Fondenes Storheim
- 06.08.23 Helena Molde Lervaag
- 06.08.23 Ariel Fromreide Speerstra Østervold
- 06.08.23 Ella Toft Hegland

### Døde

- 13.05.23 Nils Romslo f. 1942
- 22.05.23 Monica Maurset Vabø Reigstad f. 1972
- 04.06.23 Sylvia Toppe f. 1938
- 07.06.23 Henny Margrethe Gjertsen f. 1948  
(Lille kapell, Møllendal)
- 12.06.23 Inge Reidar Bjelde f. 1933
- 14.06.23 Jan Harry Heggernes f. 1946
- 27.06.23 Rannveig Sollaug Reigstad f. 1944
- 28.06.23 Sveinung Tofting f. 1966
- 14.07.23 Leif Kåre Kvalvågnes f. 1957
- 23.07.23 Karl Einar Valdersnes f. 1946

## Alversund

### Døypte

- 30.04.23 Linnea Kristine Hodneland
- 30.04.23 Johannes Tvedt
- 29.05.23 Thomas Ekpenede Osazuwa Jordal

### Døde

- 28.06.23 Jan Ottar Rogne f. 1943
- 01.07.23 Anne-Lillian Isdal f. 1945
- 04.07.23 Målfrid Mjanger f. 1935

## Lygra

### Døypte

- 11.06.23 Sebastian Iveland-Hellesøy
- 11.06.23 Emma Tysse Bergfjord

## Seim

### Døde

- 31.07.23 Kåre Håkon Monstad f. 1942

**Den Norske Kyrkja Knarvik**

Søk på nettsted...

KVA SKJER? DÅP KONFIRMASJON VIGSEL GRAVFERD OM OSS

GUDSTENESTELIV BARN UNGE ANDRE AKTIVITETAR UMLEIGE

### Konfirmant 2024

28.4.2023  
Konfirmantpåmeldinga har opna for dei som vil vere konfirmant i 2023-2024! Påmeldingsknapp - og informasjon - finn du når du veljer "Konfirmasjon" i menyen. Det er sendt ut informasjonsbrosjyre til dei som er medlemmar i Den norske kyrkja. Viss du ikkje har fått brev i posten, finn du brosjyra under "Konfirmasjon - Praktisk info". Frist for påmelding er 18. august.

[LES MEIR >](#)

### NY GIV - GJEVARTENESTE

21.5.2023  
Vil du vere med og styrke arbeidet for barn og unge i kyrkja? Vil du vere med og gje ei fast pengegåve regelmessig?

[LES MEIR >](#)

### Sorggruppe i Alver

Kyrkja i Alver og krettkoordinator i Alver kommune tilbyr sorggruppe for menneske som opplever sorg. Neste sorggruppe har oppstart i februar 2023. Påmelding til gruppa innan 20. januar.

[LES MEIR >](#)

## Kyrkja.no/knarvik

På heimesida vår finn du informasjon om ulike aktivitetar, det er påmelding til dåp, konfirmasjon og vigsel, du finn informasjon om leige av kyrkjene våre, kontaktinformasjon til tilsette, kalender og endå mykje meir.

**Seimstrand as**

5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15



**Nordhordland Elektro**

Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø  
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden

norgeseliten

2000 byggere - 400000 kunder

**DEKKHUSET AS**

# Tankestrek

Av Magne Bjørndal

## «... hvert folk som liv og grenser fikk ...»

Denne sommaren var Synnøve og eg med på storsamlinga som *Det Norske Misjonsselskap* (NMS) arrangerte i Stjørdal. Det sette i gang nokre tankar om å gje vidare det me har fått.

Det skal godt gjerast å ikkje la seg riva med, når innpå tusen menneske stemmer i med *Din rikssak, Jesus, være skal* (Salmeboka nr.691), som overskrifta er henta frå. Me er mange som stemmer i, løftar i flokk, byggjer i lag.

Det vart vedteke ein strategiplan, der hovudmålet er å

- dela trua på Jesus,
- nedkjempa urettferd, og
- utrydda fattigdom.

Misjonsselskapet har altså ei heilskapleg tilnærming, der både det åndelege og det materielle høyrer med. Kristentrua lever ikkje i eit vakuum, den ytrar seg i engasjement for miljøet, og for medmenneska våre sitt ve og vel.

Eit lokalt uttrykk for dette er gjenbruksbutikken, som NMS driv i Knarvik. Her gjer eit syttitals frivillige ein stor innsats med å gje ting som har vorte til overs nye eigarar. Slik reduserer dei avfallsmengda, samstundes som dei skaffar pengar til NMS sitt omfattande samarbeid med kyrkjer i Europa, Asia og Afrika.

At det er snakk om **samarbeid** med kyrkjer, er ikkje ein tilfeldig språkbruk. Misjonen har ei fortid der den kom ovanfrå og ned: Det var vi norske som - med dei beste intensjonar - skulle fortelja stakkars heidningar i andre land korleis dei burde leva, tru og tenkja. I dag oppfattar ein heller misjon som ei rørsle på kryss og tvers, der vi gjev og tek imot, lærer og lærer bort i ei stadig veksling. Denne rørsla får vi vera med i, ut frå kvar våre føresetnader. Og i sentrum står Jesus, han som lærte oss å be: «Lat riket ditt koma.»



## DEN NORSKE KYRKJA

**Kyrkjekontakten:**  
Knarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

**Opningstid:**  
Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

**Tlf.:** 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø  
post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

**Facebookside:** Knarvik kyrkje

**Kontonummer:** 3633 67 39882  
**Vipps:** 517310

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

**Alver kyrkjelege fellesråd**

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no  
www.kyrkja.no/alver

**Kyrkjeverje:** John Fredrik Wallace  
jw734@kyrkja.no

**Leiar i fellesrådet:** Tove Sneås  
Skaug, tovesneska@gmail.com

**Soknerådsleiar:**  
Janicke Gruehagen Lyngøy

**Kyrkjekontakten**

**Utgevar:** Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

**Redaktør:** Øystein Skaug  
**Lokal redaksjon:** Staben på kyrkjekontoret/Synnøve Bjørndal

**Grafisk design:** Simen Søvik  
**Trykk:** Bodoni AS

**Framsidedelete:** Cathrine Grutle og Edvard Mehl Winge.  
Foto: Janicke Gruehagen Lyngøy.



**Helge Taranrød**  
Prost  
ht759@kirken.no



**John Fredrik Wallace**  
Kyrkjeverje  
jw734@kyrkja.no



**Cathrine Grutle**  
Sokneprest  
cg836@kirken.no



**Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn**  
Spesialprest  
td663@kyrkja.no



**Magne Bjørndal**  
Seniorprest  
mb578@kyrkja.no



**Synnøve Bjørndal**  
Dagleg leiar  
sb876@kyrkja.no



**Odd Leif Mjøs**  
Kantor  
om623@kyrkja.no



**Nina Jenny Tresvik Monstad**  
Kateket  
nm853@kyrkja.no



**Eirun Bjotveit Fonneland**  
Kyrkjelydspedagog  
ef882@kyrkja.no



**Bjørn Furukawa**  
Kyrkjetenar  
bf982@kyrkja.no



# GUDSTENESTE- KALENDER

## Knarvik

### 10. september

15. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn  
og Nina Jenny Monstad.  
Storfamiliegudsteneste.  
Semesterstart.

### 17. september

16. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit  
Øvretveit Dyrkolbotn. Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.  
Søndagsskule.

### 1. oktober

18. s. i treeiningstida  
Kl. 19: Kveldsgudsteneste  
v/ Cathrine Grutle.  
Bønevandring og nattverd.

### 8. oktober

19. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.  
Nattverd.

### 15. oktober

20. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp/  
Nattverd.

### 22. oktober

21. s. i treeiningstida  
Kl. 11: Familiegudsteneste  
v/ Cathrine Grutle og  
Nina Jenny Monstad. Dåp.  
4-årsbok.

### 29. oktober

Bots- og bønedeag  
Kl. 19: Kveldsgudsteneste  
v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Nattverd.

### 5. november

Helgemessesøndag  
Kl. 11 Pilegrimsmesse.  
Cathrine Grutle, Alversund  
kammerkor. Søndagsskule.

### 12. november

24. s. i treeiningstida  
Kl. 11: Familiegudsteneste  
v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn og Nina Jenny  
Monstad. LysVaken.

### 19. november

25. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp/  
Nattverd.

### 26. november

Domssøndag/Kristi  
kongedag  
Kl. 19: Kveldsgudsteneste  
v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn. Nattverd.

## Alversund

### 24. september

17. s. i treeiningstida  
Kl. 11: Dåp.

### 29. oktober

Bots- og bønedeag  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.

### 5. november

Helgemessesøndag  
Kl. 18: Minnegudsteneste v/  
Magne Bjørndal.

### 26. november

Domssøndag/Kristi  
kongedag  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

### KVARDAGS- GUDSTENESTER I Alversund:

Måndagar kl. 1400.  
Sosialt på kyrkjelydshuset  
etter gudstenesta. Tur -  
"Kyrkjegang" kl. 1230.

- 11.september v/Harald  
Sundsbo
- 9.oktober v/Åge  
Pallesen
- 13.november v/Knut  
Fredrik Sørheim
- 11.desember v/Rune  
Minde

## Seim

### 10. september

15. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal. Dåp.

### 8. oktober

19. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Tone Marit Øvretveit  
Dyrkolbotn og Eirun  
Bjotveit Fonneland. Dåp.  
Konfirmantpresentasjon.

### 12. november

24. s. i treeiningstida  
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp.

## Lygra

Dato for gudsteneste er  
ikkje bestemt.

### SØNDAG ER GUDSTENESTEDAG!

Velkomen til kyrkja di, eller til kyrkja der du måtte  
vere når det er søndag.